



UNIVERSITETET I BERGEN
Det humanistiske fakultet

Utvikling av ny eksamen i engelsk for 10. trinn og VG1

Eli Moe

Institutt for framandspråk, UiB

Januar - September 2024

Innhald

Utvikling av ny eksamen i engelsk for 10. trinn og VG1	1
Utvikling av ny eksamen i engelsk for 10. trinn og rtVG1	4
1. Bakgrunn	4
Kvifor ny eksamen i engelsk? Grunnlag.	4
Oppsummering – Kva bør ein ny eksamen i engelsk ta omsyn til?	8
2. Utviklingsprosess	9
Deltakarar	9
Oversikt over prosessen.....	10
Konstrukt for eksamen	10
Utvikling av oppgåver til eksamen	15
A Utvikling av oppgåver som måler resepsjon (lytting og lesing)	15
A Utprøving av oppgåver og data-analyse.....	16
A Samansetting av oppgåver til reseptiv del	18
A Standardsetting	20
B Utvikling av oppgåver som måler vidareformidling, samhandlar og skriftleg produksjon	24
B Utprøving av oppgåver	25
B Arbeid med tekstar.....	25
B Utvikling av vurderingskriterium.....	26
B Utvikling av skriftlege oppgåver og førebuingmateriell til eksamen 2021 og 2022	26
B Sensortrening.....	26
Vekting	27
3. Eksamen for VG1, vår 2020	27
4. Eksamen for 10. trinn, vår 2021	27
5. Kva er skilnaden på eksamen for 10. trinn og VG1?	28
6. Å måle resepsjon – kvifor mange oppgåver	28
7. Kvifor analytisk vurdering?.....	29
8. Korleis blir djupnelæring reflektert i ny eksamen i engelsk?	29
9. Oppsummering.....	31
10. Til slutt	32
Litteraturliste	33

Utvikling av ny eksamen i engelsk for 10. trinn og VG1

Universitetet i Bergen har hatt i oppdrag å assistere Utdanningsdirektoratet (Udir) med å utvikle ny eksamen i engelsk for 10. trinn og VG1 i perioden mars 2020 og ut 2022. Hovudvekta av arbeidet i 2020 og 2021, var knytt til eksamen for VG1, og mesteparten av arbeidet i 2021 og 2022 var i samband med eksamen for 10. trinn. I oppdraget var det spesifisert at den første nye eksamen for VG1 alt skulle skje våren 2021, mens første eksamen for 10. trinn skulle skje våren 2022.

Arbeidet gav oss korte tidsfristar. Samtidig skulle ny teknisk plattform som prøvane skulle gjennomførast på, takast i bruk. EPS, den nye plattformen, har vore ein stor tidstjuv, og mykje tid og ressursar har gått til å gjere seg kjent med plattformen, gi tilbakemeldingar på korleis ting fungerte og beskrive ynskje for oppgaveformat og skåring.

1. Bakgrunn

Kvifor ny eksamen i engelsk? Grunnlag.

Før oppdraget om ny eksamen vart lyst ut i 2020, hadde det kome nye læreplanar i alle fag. Når eksamen skal utviklast i eit fag, er sjølvstøtt læreplanen eit sentralt grunnlagsdokument.

I tillegg hadde Udir hatt to større delrapportar frå ei breitt samansett gruppe, Eksamensgruppa, med fokus både korleis eksisterande eksamen (i ulike fag) fungerte, og kva som ville vere viktig å tenkje på i samband med ny eksamen

Julius Björnsson og Gustaf Skar undersøkte kor einige sensorane var i ei rekkje eksamenar som Udir er ansvarleg for i vidaregåande opplæring i ein periode på fem år (2014 – 2019). Studien byggjer på sensorvurderingar av meir enn 700 000 elevsvar fordelt på over 40 fag. (Björnsson og Skar, 2021)

Sist, men ikkje minst utarbeidde Utdanningsdirektoratet eit rammeverk for eksamen (rammeverket) som skulle vere rettleiande for all eksamensutvikling i regi av Udir.

Eksamensgruppa sine rapportar

Eksamensgruppa vart oppnemnt av Kunnskapsdepartementet i 2018. Gruppa var breitt samansett med medlemmer frå ulike utdanningsinstitusjonar, fagforeiningane og elevorganisasjonen. Oppdraget til eksamensgruppa var «å sammenstille kunnskapsgrunnlaget om eksamen, vurdere innspillene fra læreplangruppene og se på hvilken betydning fagfornysen og den teknologiske utviklingen bør ha på eksamensordningen». (Eksamensgruppa, 2019)

Gruppa oppsummerte arbeidet sitt i to delrapportar (2019 og 2020) der dei 1) såg på kva som karakteriserte eksisterande eksamenar (Delrapport 1, 2019) og 2) kom med forslag til kva som burde leggjast vekt på når eksamen skulle reviderast (Delrapport 2, 2020). Begge rapportane er omfattande og tar opp mange sider ved eksamen. Viktige ting som forholdet mellom standpunkt og eksamen, ansvaret kommunar og fylke har og så vidare, blir ikkje nemnt i denne rapporten. Her siterer vi kort noko av det som var mest relevant for arbeidet med å utvikle ny eksamen i engelsk.

Anbefalinger om prøving av kompetanse (Delrapport 2, 4.3)

Eksamen må inneholde

- Flere ulike oppgavetyper for å sikre en gyldig og pålitelig prøving av kompetanse i tråd med fagfornyelsen
 - Oppgavetyper med en kombinasjon av obligatoriske og valgfrie oppgaver.
- (Delrapport 2)

Anbefalinger om eksamensordningene (Delrapport 2, 5.3)

- Sentralt gitt eksamen videreføres.
- Forberedelse til eksamen videreføres, men formålet med forberedelse bør tydeliggjøres.

Anbefalinger om teknologiens betydning for sluttvurderingen (Delrapport 2, 6.4)

- Å bruke det nye gjennomføringssystemet til å prøve ut, evaluere og legge til rette for bruk av ulike relevante digitale formater til forberedelsesdel, eksamensoppgave, innlevering og sensur – dette som et ledd i den helhetlige kvalitetssikringen av eksamen og sensur.

- Eksamen må gjenspeile og prøve både digitale ferdigheter slik de kommer til uttrykk i kompetansemålene, og kompetansemål relatert til digital teknologi innenfor fagene.

Anbefalinger om kvalitetssikring av eksamen (Delrapport 2, 7.5)

- Å utvikle støtteressurser og eksempeloppgaver.
- Å utrede piloteringsordninger av eksamensoppgaver som kan sikre validiteten
- Å utvikle støtteressurser for å styrke tolkningsfellesskap til eksamen i forbindelse med fagfornyelsen..
- Det nye gjennomføringssystemet bør gi økt støtte til sensur som kan sikre reliabilitet.

Ny læreplan i engelsk

Både lærargrupper, pedagogar og ulike typar fagfolk og folk i Udir var engasjert i Fagfornyelsen, arbeidet med å utvikle og innføre nye læreplanar i åra 2017 til 2020. Den nye læreplanen i engelsk vart tatt i bruk frå hausten 2020.

«Engelsk er et sentralt fag for kulturforståelse, kommunikasjon, dannning og identitetsutvikling. Faget skal gi elevene et grunnlag for å kommunisere med andre lokalt og globalt, uavhengig av kulturell og språklig bakgrunn. Engelsk skal bidra til å utvikle elevenes interkulturelle forståelse av ulike levemåter, tenkesett og kommunikasjonsmønstre. Faget skal forberede elevene på en utdanning og et samfunns- og arbeidsliv som stiller krav om engelskspråklig kompetanse i lesing, skriving og muntlig kommunikasjon.» (Læreplan i engelsk». (*Læreplan i engelsk* om «Fagets relevans og sentrale verdier», Eng 01-04)

Vidare framhevar læreplanen at faget omfattar

- Kjerneelement (kommunikasjon, språklæring og møte med engelskspråklege tekstar)
- Tverrfaglege tema (folkehelse og livsmeistring, demokrati og medborgarskap)
- Grunnleggjande ferdigheiter (munnlege ferdigheiter, å kunne skrive og å kunne lese)

Læreplanen i engelsk femner vidt og utfordrar pedagogar, læreplannemnder, administrativt tilsette og andre, også dei som utviklar eksamen til å tenkje danning, kultur, kommunikasjon, språklæring og språkbevisstheit i samband med opplæringa i engelsk.

Kompetansemåla i engelsk fokuserer på at elevane skal vere aktiv deltakarar i eiga språklæring ved å bruke språket og kjerneelementa på ulike måtar, til å undersøke, presentere, vurdere, drøfte, utforske, reflektere, samanlikne, beskrive. Dette kan gjerast når dei arbeider med skriftlege og munnlege tekstar, og når dei sjølv produserer språk.

Björnsson og Skar sin rapport om sensorsemje

For å sjå nærare på korleis sensuren ved eksamen hadde fungert, gjorde Julius Björnsson og Gustaf Skar ein studie med fokus på sensorsemje i ei rekkje av Udirs eksamenar i vidaregåande opplæring i ein periode på fem år (2014 – 2019). Studien byggjer på sensorvurderingar av meir enn 700 000 elevsvar fordelt på over 40 fag. (Björnsson og Skar, 2021)

Hovudfunna i studien:

- Sensorreliabiliteten på skriftlig eksamen i vidaregåande opplæring varierer ganske mye.
- Sensorreliabiliteten er i noen fag stabilt høy over tid, mens den i andre fag er stabilt lav.
- Det er ikke statistisk grunnlag for å skille mellom seks nivåer av kompetanse.
- Det mulige tolkningsfellesskapet var tilsynelatende lite i mange fag. (Björnsson & Skar, 2021)

Studien viser mellom anna at sensorsemja i norsk, språkfaga og samfunnsfaga stort sett er låg, medan semja sensorane mellom er høgre i matematikk. I og med at sensorane tidlegare gav ein

Rammeverk for eksamen

Rammeverket er laga for å styrke den metodiske kvaliteten på eksamen og sensur. Det skal vere ei hjelp til dei som utviklar eksamen. I første del blir det beskrive kva som kjenneteiknar kvalitetseksamenar, mens siste del omhandlar retningslinjer for å utvikle og kvalitetssikre oppgåver og vurderingskriterium.

Dei overordna kvalitetskrava er at eksamen skal vere valid, reliabel, rettferdig og mogeleg å gjennomføre.

Ein *valid* prøve måler det han skal måle. Dette betyr at dei som utviklar prøven, må definere, så nøyaktig som mogeleg, kva prøven skal måle. Dette blir gjort med utgangspunkt i læreplan og kompetansemål. Definisjonen eller beskrivinga av det prøven skal måle kallar vi prøvens konstrukt. Oppgåvene som blir utvikla med tanke på eksamen må lagast for å måle nettopp det som er nedfelt i konstruktet. I ettertid skal ein kunne undersøke at det er ein klar samanheng mellom læreplan, konstrukt, eksamen og vurdering.

Ein *reliabel* eller påliteleg eksamen måler elevane sin kompetanse på ein stabil og presis måte. Resultatet skal ikkje vere påverka av andre faktorar enn det som eksamen skal måle, og som er nedfelt i konstruktet for eksamen. Det er ulike måtar å sikre reliabiliteten på. Når det gjeld oppgåver som måler reseptive ferdigheiter (lytting og lesing), vil det vere viktig å inkludere mange oppgåver. I samband med måling av produktive ferdigheiter (munnleg og skriftleg språkbruk), er det viktig å ha høg sensorsemje.

Ein *rettferdig* eksamen gir elevane høve til å vise det dei kan av det som er viktig i faget, og behandlar alle (enkelpersonar og grupper) likt. Rettferd handlar dermed om val av tema, utvikling av oppgåver og vurderingskriterium.

Ein eksamen som er mogeleg å gjennomføre tilpassar omfanget på eksamen til tida og ressursane elevane kan bruke.

Oppsummering – Kva bør ein ny eksamen i engelsk ta omsyn til?

På ein rettferdig eksamen får elevane vise det dei kan i faget. Dette er eit viktig poeng. Eksamen må difor utformast slik at alle får høve til det. Engelskfaget er vidt og krev at elevane arbeider med mange ting. Elevar med høg kompetanse i eit fag, vil sannsynlegvis skåre høgt på alle typar oppgåver. Nokre elevar med lågare kompetanse vil også ha ein jamn profil og skåre middels eller lågt på ulike oppgåver. Men ikkje alle har ein jamn profil. Nokre kan oppfatte mykje av dei dei høyrer og les, medan dei kan ha problem med å uttrykke seg skriftleg. Dersom eksamen berre utfordrar elevane i å skrive, så får

ikkje alle vist det dei kan. Det er difor viktig at eksamen utfordrar ulike deler av elevane sin kompetanse.

Eksamensgruppa sine rapportar, læreplanen i engelsk, Björnsson og Skar sin rapport om sensorsemje og rammeverket for eksamen samla sett stiller grunnleggjande og høge krav til ny eksamen. Det er elevane sin kompetanse i engelsk som skal målast ved hjelp av fleire typar oppgåver, både obligatoriske og valfrie. Læreplanen (og kompetansemåla) understrekar at elevane skal byggje kompetanse i engelsk ved å arbeide med kjerneelement, tverrfaglege tema og grunnleggjande ferdigheiter slik at dei blir i stand til å bruke språket sjølvstendig og tilpasse språkbruken konteksten. Noko av dette mangfaldet må sjølv sagt også reflekterast i eksamen.

Både eksamensgruppa sine rapportar, Björnsson og Skar og Rammeverk for eksamen gir råd om å vektlegge dokumentasjon av validitet og reliabilitet i utvikling av eksamen. Validitet kan dokumenterast ved å vise ein klar samanheng mellom læreplan og kompetansemål på den eine sida og eksamen og vurdering på den andre sida. Ved hjelp av eit variert utval oppgåver, erfarne oppgåveutviklarar, tydelege vurderingskriterium og god sensoropplæring kan reliabiliteten dokumenterast.

2. Utviklingsprosess

Frå prosjektet starta opp, var det eitt år til første eksamen i engelsk skulle avviklast for VG1 våren 2021. Første eksamen på 10. trinn skulle gå av stabelen våren 2022.

Deltakarar

Mange har vore involvert og kan nemnast i samband med ny eksamen i engelsk. UiB-teamet har hatt oppdraget med å hjelpe til med å utvikle ny eksamen, men resultatet kan sporast tilbake til mange. Eksamensgruppa, Björnsson og Skar, og alle lokale og sentrale krefter som var involvert i arbeidet med ny læreplan. Så har UiB-teamet, nemndene på VG1 og 10. trinn og Udir-tilsette vore involvert i den konkrete utviklinga av ulike oppgåvetypar, vurderingskriterium, standardsetjing, vekting av oppgåver og så vidare. I denne samanhengen må vi også nemne elevar som har svart på elevundersøkingar om ny eksamen i engelsk og administrativt tilsette på skular og

lærarar som har vore involvert i utprøving av ulike oppgåver og oppgåvetypar. Alt i alt har svært mange gjort mykje for at eksamen er slik han er i dag.

Oversikt over prosessen

Figuren under gir ei oversikt over trinna UiB, nemndene og Udir gjekk gjennom for å utvikle ny eksamen i engelsk. Figuren må lesast frå venstre mot høgre.



Figur 1. Oversikt over prosessen med å utvikle eksamen

Konstrukt for eksamen

Det første vi gjer når vi skal utvikle ein eksamen, er å formulere eit konstrukt for eksamen, det vil seie ein definisjon for kva eksamen skal måle. I neste omgang blir konstruktet eit utgangspunkt for oppgåvene i eksamen og vurderingskriteria. På same måte som ein læreplan, uttrykker eit konstrukt eit underliggjande språksyn og eit syn på språklæring. Læreplan i engelsk og andre dokument vi refererte til under punkt 1, var heilt sentrale dokument i arbeidet med å definere konstruktet for eksamen. I tillegg vil det også vere nyttig å ha i mente etablerte teoriar om språk og språklæring.

Læreplanen uttrykker eit kommunikativt syn å språklæring, det vil seie ei tru på at elevane lærer språk ved å bruke det på ulike måtar i meningsfulle situasjonar. Samtidig er faget eit kultur- og dannelsesfag. I arbeidet med faget skal elevane bli «dugande menneske». Elevane skal mellom anna drøfte, diskutere, vidareformidle, samanlikne, beskrive og gjere greie for aktuelle problemstillingar i samband med ulike tema dei les og høyrer om. Noko av dette kan eksamen måle, men ikkje om elevane er danna og dugande menneske. Utfordringa for utviklarane har vore å samanfatte noko av det mangfaldet læreplanen i engelsk framhevar som viktig.

Konstrukt for eksamen på 10. trinn og VG1 er formulert med utgangspunkt i læreplanen og kompetansemåla.

Eksamen skal måle

- Resepsjon eller det å oppfatte innhald i munnlege og skriftlege tekstar (lytting og lesing).
- Vidareformidling av innhald (skriftleg)
- Samhandling (skriftleg)
- Skriftleg produksjon

Resepsjon	
<i>Lytteoppgåvene skal måle</i> - Å oppfatte detaljar - Å forstå hovudinnhald - Å tolke/trekkje slutningar	<i>Leseoppgåvene skal måle</i> - Å finne informasjon - Å forstå hovudinnhald - Å tolke/trekkje slutningar - Å oppfatte samanheng i tekstar
Det å forstå eller trekkje slutningar om kva ord betyr (vokabular) er sjølvstendig og ein av dei å lytte og lese.	
Skriftlege oppgåver	
<i>Vidareformidlingsoppgåva skal måle</i> - Å vidareformidle kort noko elevane har høyrte eller lese	<i>Samhandlingsoppgåva skal måle</i> - Å respondere kort på noko elevane har høyrte eller lese
Oppgåva i skriftleg produksjon skal måle - Å beskrive, reflektere og vise evne til kritisk tenking og sjølvstendig.	

Tabell 1. Konstrukt for eksamen i engelsk 10. trinn og VG1

Resepsjonsoppgåver

I utlysingsteksten var det presisert at eksamen skal gjennomførast i Udirs prøveplattform. Det vart bestemt at resepsjonsdelen skal vere heildigital, oppgåvene skal presenterast digitalt for elevane, dei skal skårast automatisk og generere resultatet automatisk.

Føremålet med oppgåvene

Føremålet med resepsjonsoppgåvene er at elevane skal vise det dei forstår av det dei høyrer og les. For å vere sikker på at denne kompetansen blir målt så rett som mogeleg, må elevane svare på mange oppgåver. Det er også viktig å prøve ut fleire oppgåver enn det som trengst i eksamen. Då har vi høve til å forkaste oppgåver som ikkje fungerer så godt i elevgruppa. Det kan vere at nokre oppgåver er for vanskelege, for lette, eller ikkje skil på ein god måte mellom elevane. For å setja sammen ein god resepsjonsdel, er det ein føresetnad at oppgåvene er prøvd ut på mange hundre elevar på førehand.

Oppgaveformat

Val av oppgaveformat og spørsmål har sammenheng med konstruktet for eksamen. Vi må velje format og spørsmål som gjør det mogeleg å måle den kompetansen resepsjonsoppgåvene skal måle. Vi landa på fire oppgaveformat for lyttespørsmåla og fem for lesespørsmåla. Dei fleste oppgaveformata er felles for lytting og lesing.

Oppgaveformat	Lytting (ly) Lesing (le)	Tal på oppgåver per tekst	Kva måler formatet?
<i>Multiple choice short</i> (ein kort tekst)	ly & le	1	Eitt av dei følgjande aspekta - Finne informasjon - Forstå hovudinnhald - Tolke/trekkje slutningar
<i>Multiple choice long</i> (mellomlange tekst)	ly & le	2 - 3	Fleire av dei følgjande aspekta - Finne informasjon - Forstå hovudinnhald - Tolke/trekkje slutningar
Pros & cons (kort tekst - ei form for mc short)	ly	1	Eitt av dei følgjande aspekta - Forstå hovudinnhald - Tolke/trekkje slutningar
Matching	ly	4	Følgjande aspekt - Finne info/oppfatte detaljar - Tolke/trekkje slutningar
Gap-filling (kort tekst)	le	3 - 4	Vokabular, oppfatte samanheng i tekstar
Click phrase (kort tekst)	le	1	Vokabular, oppfatte samanheng i tekstar
Move paragraph (mellomlang tekst)	le	3	Oppfatte samanheng i tekstar

Tabell 2. Oppgaveformat, Del 1 - Resepsjon

Vidareformidlingsoppgåve

Medieringsoppgåver er ein oppgåvetype som er ny i eksamenssamanheng. Men mediering er ikkje noko nytt i undervisningssamanheng.

Føremålet med oppgåva

Føremålet med vidareformidlingsoppgåva er at elevane skal vise at dei kan lese/lytte til ein tekst og vidareformidle innhaldet i ei gjennomarbeidd form. Oppgåva kan til dømes gå ut på å samanfatte hovudinnhaldet i ein tekst eller forklare innhaldet i ein tekst på ulike måtar. Dette kan innebære å gå frå munnleg til skriftleg form, eller frå formell til uformell uttrykksmåte

(eller omvendt). Teksten som skal vidareformidlast, kan til dømes vere ein munnleg samtale, ein skriftleg tekst, eller ein tekst som kombinerer skrift, tabellar, diagram og/eller bilete. Her vil det vere naturleg å bruke språkstrukturar som viser at ein vidareformidlar informasjon henta frå ei anna kjelde, til dømes bruk av 3. person (Bill Gates underlined the importance of ...). Erfaring med denne oppgåvetypen vil nok også gi nemndene ei oppfatning av kva type vidareformidlingsoppgåve som fungerer best.

Døme

Skriftleg mediering omfattar til dømes

- Oppsummering, referat
- Forklaringar
- Meldingar, chattar

Kva skriftleg mediering skal elevane vise?

- Summere opp hovudpunkt i samtalar, monologar dei lyttar til
- Samle og samanhalde vesentleg informasjon i skriftlege tekstar, også multimodale tekstar
- Forklare og/eller omformulere det nokon har uttrykt (t.d. forklare ein yngre elev kva eit politisk parti står for, eller forklare HMS-reglar på ein arbeidsplass)
- Skrive ei melding der ein forklarar noko (t.d. husreglane i ein engelsk studentbustad)

Samhandlingsoppgåve

Føremålet med oppgåva

Føremålet med samhandlingsoppgåva er at elevane skal vise at dei kan delta i ei utveksling av synspunkt, betraktningar, erfaringar og/eller meiningar gjennom å respondere på ytringar frå andre. Korleis elevane tar opp og forhold seg til andre sine ytringar er det som først og fremst skal vurderast. Det vil difor vurderast positivt når elevane stiller spørsmål, ber om avklaringar og påpeikar ting i andre sin argumentasjon. Her er det naturleg å bruke språkstrukturar som viser at ein tar stilling til det som blir sagt, til dømes «though I agree with...», «this part is unclear...», «I can't see that...», «on the contrary...» osb.

Døme

Skriftleg samhandling omfattar til dømes

- Korrespondanse: brev, e-post, debatt og anna
- Notatar, meldingar og skjema
- Online samhandling: forum, chat og anna

Kva skriftleg samhandling skal elevane vise?

- Delta i online kommunikasjon som tar føre seg både faglege og sosiale utvekslingar
- Delta i pågåande samhandling mellom ein eller fleire partar
- Utforme postar og innlegg som andre kan svare på
- Kommentere (for eksempel på ein komplimenterande, kritisk eller evaluerande måte) på postar, innlegg og kommentarar frå andre
- Formidle meining, standpunkt og råd, men også kjensler, ironi og reaksjonar
- Evne til oppfølging, å be om oppklaring, stille spørsmål og reparere misforståingar
- Språk og struktur tilpassa konteksten

Oppgåver som måler skriftleg produksjon

Skriftleg produksjon har tidlegare vore den mest omfattande oppgåvetypen i skriftleg eksamen. I denne oppgåvetypen har det vore viktig at elevane diskuterer, reflekterer, grunngir og utdjupar synspunkt. Det har også vore vanleg at eit førebuingmateriale har vore utgangspunkt for desse oppgåvene. Innhaldsmål frå læreplanen har vore sentrale her. Dette er vidareført i ny eksamen. Endringa er at elevane skal bruke kortare tid på langsvarsoppgåva.

Ei god oppgåve i skriftleg produksjon legg til rette for at elevane kan anvende kunnskap, innsikt og ferdigheiter dei har tileigna seg i engelskfaget gjennom skoleåret. Ut frå prinsippet om djupnelæring er det viktig at oppgåva ber om at eleven diskuterer, grunngir påstandar/tolkingar/synspunkt og reflekterer over det aktuelle temaet. Oppgåva skal invitere eleven til kritisk tenking. I denne delen skal eleven vise sine skriftlege ferdigheiter. På VG1 vil det vere viktig at elevane blant anna kan bruke fagterminologi (YF) eller akademisk språk (SF). Førebuingdelen har ei rolle i å peike på aktuelle tema for skriftleg produksjon både på 10. trinn og VG1.

Det er interessant å samanlikne synet på språkkompetanse og språklæring som er framheva i læreplanen i engelsk (og dermed også konstruert for eksamen) med det som

blir understreka i det (relativt) nye tillegget til Det europeiske rammeverket (Council of Europe, 2020). Der blir språkkompetanse definert ved hjelp av fire hovudfaktorar: resepsjon, mediering (munnleg og skriftleg vidareformidling), interaksjon (munnleg og skriftleg samhandling) og språkproduksjon (både munnleg og skriftleg).

Utvikling av oppgåver til eksamen

Å utvikle oppgåver til ein eksamen er ein tidkrevjande prosess. Oppgåvene og spørsmåla skal spegle konstruktet for eksamen, ha tema som er i tråd med kjerneelement og tverrfaglege tema og som elles passar for aldersgruppa. Oppgåvene skal reflektere læreplanen og engelskfaget. I dette tilfellet skulle det utviklast oppgåver der elevane må vise at dei oppfattar engelsk munnleg og skriftleg, og i tillegg oppgåver som viser at dei kan bruke språket til å uttrykke seg på varierte måtar innanfor ulike rammer.

Når det gjeld kvalitetssikring av oppgåver, så kan vi seie at i samband med resepsjonsoppgåver (lytte- og leseoppgåver) så skjer mesteparten av kvalitetssikringa før eksamen går av stabelen (utprøving, analysar, standardsetting osv.), mens når det gjeld oppgåver som måler språkproduksjon, så skjer viktig dokumentasjon av kvalitet etter at eksamen er gjennomført, nemleg i sensuren og kontroll av sensorsemje.

UiB-teamet samarbeidde med nemndene for engelsk på 10. trinn og VG1. Sidan tida var knapp tok UiB og nemndene og delte hovudansvaret for oppgåveutviklinga mellom seg slik at nemndene det første året hadde hovudansvaret for å utvikle dei valfrie oppgåvene i skriftleg produksjon, både til yrkesfagleg og studieførebuande løp, og førebuingmaterialet til eksamen, mens UiB-teamet hadde hovudansvaret for å utvikle resepsjonsoppgåvene, og oppgåvene som måler vidareformidling og samhandling. Elles tok alle del i å gå gjennom og kommentere dei ulike oppgåveformata og einskildoppgåvene.

A Utvikling av oppgåver som måler resepsjon (lytting og lesing)

Sjølve oppgåveutviklinga gjekk (og må gå) i fleire rundar. Vi starta med å bestemme ulike oppgåveformat som ville måle konstruktet for lytte og leseoppgåvene. Vi landa på å utarbeide forslag til oppgåver individuelt i EPS, Udir sin prøveplattform. Eventuelle tabellar og bilde vart også lagt inn i enkeltoppgåver. Dei andre i teamet kommenterte og foreslo endringar for dei ulike oppgåvene. Deretter vart oppgåvene gjennomgått på

felles teammøte. Nokre gonger måtte vi gå vi fleire rundar med enkeltoppgåver før vi kunne seie oss nøgde med resultatet og markere i EPS at oppgåvene var «klar for korrekturlesing».

Etter at lytteoppgåvene var klargjort, måtte dei spelast inn i eit lydstudio. Både oppgåveinstruksjonar, lyttetekstar og spørsmål vart spelt inn. 5 ulike personar med ulik engelsk språkbakgrunn (britisk, amerikansk, australsk og så vidare) las inn lyttematerialet for oss. Etterpå måtte UiB-teamet høyre gjennom opptaka og «godkjenne dei», og deretter leggje lydfiler i EPS og laste filer opp i dei ulike lytteoppgåvene.

Før oppgåvene vart prøvd ut, vart dei sjekka på ulike måtar. Minst ein person las korrektur på oppgåvene. Vi brukte personar med engelsk som morsmål til denne jobben. I tillegg måtte oppgåvene sjekkast teknisk i EPS, til dømes vart layout, instruksjonar, spørsmål, svaralternativ og fasit sjekka før oppgåvene vart gjort klare for utprøving.

I prosjektet med å utvikle ny eksamen var tida knapp, som før nemnt. I tillegg arbeidde UiB-teamet, nemnder og Udir-tilsette mot ein ny teknisk plattform som var under utvikling. Dette var ein svært utfordrande situasjon og det gjorde at vi brukte mykje tid på å gi tilbakemeldingar på funksjonalitet, å be om at nye oppgåveformat vart utvikla også vidare

A Utprøving av oppgåver og data-analyse

Det er viktig at alle oppgåver er gode prøveteknisk, det vil seie at dei har passande og variert vanskegrad og diskriminerer på ein fornuftig måte mellom elevar på ulike ferdigheitsnivå. For å kunne velje ut gode og passande oppgåver lytte- og leseoppgåver som fungerer godt, bør kvar oppgåve prøvast ut på fleire hundre elevar, helst 500 elevar per oppgåve. Når oppgåver blir prøvd ut på så mange elevar som mogeleg på relevant trinn, kan vi vere rimeleg sikre på at oppgåvene vi vel ut, vil passe for elevgruppa og måle stabilt. (Om oppgåver berre blir prøvd ut på få elevar, kan vi ikkje stole på vanskegraden oppgåvene har, heller ikkje at dei skil godt mellom elevar på ulike ferdigheitsnivå.) Tanken er at oppgåver blir prøvd ut året før dei skal gå i eksamen slik at ingen møter oppgåver på eksamen som dei har vore med på å prøve ut.

Første utprøving og data-analyse VG1 desember 2020

Den første utprøvinga av lytte og leseoppgåver gjekk av stabelen i desember 2020. Desse oppgåvene vart prøvd ut på same kull som skulle ha eksamen eit halvt år seinare. Dette

er ikkje ideelt, men ikkje noko vi kunne gjere noko med på grunn av korte tidsfristar. (No viste det seg seinare at eksamen vart avlyst i 2021, berre få personar/privatistar tok eksamen det året.) Sidan dette skjedde midt i Covid19-tida, var det vanskeleg å få nok elevar til å delta i utprøvinga. Likevel var nesten 2000 YF- og SF-elevar med på utprøvinga av resepsjonsoppgåver.

- 1989 elevar deltok i utprøvinga, 1154 YF-elevar og 835 SF-elevar
- 86 oppgåver vart prøvd ut, 45 lytteoppgåver og 41 leseoppgåver
- Ikkje nokon av elevane svarte på alle oppgåvene. Kvar elev svarte på ca 30 oppgåver.
- Nokon av oppgåvene vart berre prøvd ut på YF-elevar, andre berre på SF-elevar. samtidig som dei fleste oppgåvene vart prøvd ut på begge studieretningar:

	YF	SF	YF og SF	Totalt
Lytteoppgåver	10	12	23	45
Leseoppgåver	8	10	23	41
Totalt	18	22	46	86

Tabell 3. Tal på utprøvde oppgåver VG1, desember 2020

- Alle elevar svarte på 12 av desse 86 oppgåvene (7 lytteoppgåver og 5 leseoppgåver). Dette vart gjort for at det skulle vere mogeleg å lenke data frå alle elevar og seinare analysere data på ein felles skala.
- Resten av oppgåvene vart tildelt tilfeldig slik at alle elevar fekk prøvd seg på alle oppgåveformata, men ikkje alle oppgåvene i kvart format. 53 av oppgåvene vart besvart av meir enn 500 elevar. 17 oppgåver hadde mellom 300 og 500 respondentar. Berre 16 oppgåver hadde data frå mindre enn 300 elevar.

Etter utprøvinga vart data analysert ved hjelp av IRT (Item Respons Theory). Vi sat då igjen med ei oversikt over kor vanskelege dei ulike oppgåvene var, kva oppgåver som skilde godt mellom elevar på ulike kompetansenivå. Punkta nedanfor gir ei oversikt over utprøvningsresultat på eit overordna plan.

Første utprøving og data-analyse 10. trinn mai 2021

- 1335 elevar deltok i utprøvinga
- 87 oppgåver vart prøvd ut, 47 lytteoppgåver og 40 leseoppgåver

- 63 oppgåver var dikotome (elevane svarte på eitt spørsmål, der svaret anten var rett eller galt. 23 oppgåver var polytome, elevane svarte på to, tre eller fire delspørsmål.
- Kvar elev svarte på om lag 30 oppgåver.
- Alle elevar svarte på 9 oppgåver (5 lytteoppgåver og 4 leseoppgåver).
- Resten av oppgåvene vart tildelt tilfeldig slik at alle elevar fekk prøvd seg på alle oppgåveformata, men ikkje alle oppgåvene i kvart format. Kvar av desse oppgåvene var svart på av mellom 200 og 450 elevar (i snitt i underkant av 300 elevar per oppgåve)

Etter at utprøvinga vart gjennomført vart data analysert ved hjelp av IRT (Item Response Theory)

A Samansetting av oppgåver til reseptiv del

Når vi skal sette saman den endelege versjonen av Del 1 resepsjon i eksamen er det fleire ting som må balanserast: eit innhald som er relevant og passande, oppgåveformat, det oppgåvene måler (finne informasjon, forstå hovudinnhald osv.) vanskegrad, diskriminering.

Samansetting av Del 1 – resepsjon - VG1 våren 2021

Resepsjonsdelen inneholdt 22 oppgaver våren 2021, og det var mogeleg å oppnå max 35 poeng på denne delen. Sjå tabell 4 for detaljar.

Lyttedel			
Oppgåvetypar	Tal på oppgaver	Max poeng	Oppgåvene måler
Multiple choice (announcements, news items, conversations)	5	7	Finne informasjon (1), forstå hovudinnhald (3), trekke slutningar (3)
Pros & cons	5	5	Forstå hovudinnhald (3) trekke slutningar (2)
Matching	1	5	Finne informasjon (1) trekke slutningar (4)
Lesedel			
Multiple choice short	4	4	Finne informasjon (3) forstå hovudinnhald (1)
Multiple choice long	1	3	Finne informasjon (1) forstå hovudinnhald (1) trekke slutningar (1)
Gap filling	1	4	Vokabular, oppfatte samanheng i tekstar
Click phrase	4	4	Vokabular, trekke slutningar (4)
Move paragraph	1	3	Oppfatte samanheng i tekstar
Til saman	22	35	Finne informasjon (6) Forstå hovudinnhald (8) Trekke slutningar (10) Vokabular og trekke slutningar (4) Vokabular og oppfatte samanheng (4) Oppfatte samanheng i tekstar (3)

Tabell 4. Oversikt over tal på oppgaver i Del 1 eksamen vår 2021, Vg1

Samansetting av eksamen Del 1 – resepsjon 10. trinn 2022

Resepsjonsdelen inneheldt 22 oppgåver våren 2021, og det var mogeleg å oppnå max 35 poeng på denne delen. Sjå tabell 5 for detaljar.

Lyttedel			
Oppgåvetypar	Tal på oppgåver	Max poeng	Oppgåvene måler
Multiple choice (announcements, news items, conversations)	8	10	Finne informasjon (4), forstå hovudinnhald (3), trekke slutningar (3)
Pros & cons	4	4	Forstå hovudinnhald (2) trekke slutningar (2)
Matching	1	4	Finne informasjon (2) trekke slutningar (2)
Lesedel			
Multiple choice short	4	4	Finne informasjon (2) forstå hovudinnhald (2)
Multiple choice long	1	3	Finne informasjon (1) forstå hovudinnhald (1) trekke slutningar (1)
Gap filling	1	3	Vokabular, oppfatte samanheng i tekstar (3)
Click phrase	4	4	Vokabular, trekke slutningar (4)
Move paragraph	1	3	Oppfatte samanheng i tekstar
Til saman	24	35	Finne informasjon (9) Forstå hovudinnhald (8) Trekke slutningar (8) Vokabular og trekke slutningar (4) Vokabular og oppfatte samanheng (3) Oppfatte samanheng i tekstar (3)

Tabell 5 . Oversikt over tal på oppgåver i Del 1 eksamen vår 2022, 10. trinn.

A Standardsetting

Når reseptiv del for ein eksamen eller prøve er sett saman, så veit vi kor vanskeleg denne delen vil vere for elevane, og vi veit kor godt oppgåvene vil skilje mellom sterke og svake elevar (i og med at kvar oppgåve er prøvd ut på mange hundre elevar). Det vi ikkje veit, er kor grensene mellom dei ulike karakterane skal gå, til dømes grensa mellom 5 og 6, eller 2 og 3. Det vi då kan gjere er å gjennomføre standardsetting. Målet med standardsettingsprosedyrar er altså å bestemme kuttskårar eller grenser mellom ulike karakterar. Kuttskår står for den lågaste skåren som gir eit bestått resultat eller nivå/karakter på ein eksamen eller prøve. Vanlegvis kan ein bruke resultata frå ein

standardsettingssesjon fleire år framover. Det krev imidlertid at ein kan lenke data frå ein eksamen til neste eksamen. Dette gjer ein ved å ha eit felles sett med ankeritem som går igjen i utprøvinga frå år til år. Om ein klarer å lenke data, så kan ein dokumentere at den delen av eksamen er like vanskeleg frå år til år.

Det finst mange metodar for å bestemme kuttskårar, men vi brukte Cito-metoden, eller *The Data-Driven Direct Consensus (3DC) Procedure* (Europarådet (2009), Van der Schoot (2009), Keuning et al, 2017). For gjennomføre dette, krevst tre ting: 1) ein skala som beskriv språkferdigheitene som blir målt så nøyaktig som råd, 2) ein panel med sensorar som kjenner skalaen og elevgruppa som skal ta eksamen og 3) utprøvsdata som er analysert slik at ein kjenner vanskegrad på dei ulike oppgåvene. Eit av problema i denne samanhengen er at karakterskalaen for engelsk på 10. trinn og VG1 ikkje er beskrivne anna enn svært omtrentleg. Det er til dømes ikkje beskrive kva som er skilnaden på karakteren 5 på 10. trinn og på VG1. Vi brukte difor nivåbeskrivingane i det Europeiske rammeverket på ein slik måte at karakterane 5 og 6 spegla B2-nivået (eller høgre) i det Europeiske rammeverket, karakterane 3 og 4 representerte B1-nivået og karakteren 2 eller lågare viste til A2-nivået (eller lågare).

Standardsetjing VG1 Våren 2021

Etter at resepsjonsdelen var sett saman, visste vi at denne delen ville innehalde 22 oppgåver som til saman kunne gi max 35 poeng. Det vart samla eit panel på 12 fagpersonar (nemndmedlemmer, fagpersonar frå UiB og Udir) som kjende Vg1-elevgruppa godt og nivåa i det europeiske rammeverket. Etter ei innføring i arbeidet som skulle gjerast (både om standardsetting og Det europeiske rammeverket), tok vi for oss grupper av oppgåver slik tabellen under viser.

		Maks poeng	Ditt svar
Lytting Del 1	Multiple choice (announcements, news items, conversations)	7	
Lytting Del 2	Pros & cons	5	
Lytting Del 3	Matching	5	
Lesing Del 1	Multiple choice short (4) Multiple choice long (3)	7	
Lesing Del 2	Gap filling 2 Click phrase-oppg.	6	
Lesing Del 3	2 Click phrase-oppg. Move paragraph	5	

Tabell 6. Skjema for standardsetjing Del 1 vår 2021, VG1

Vi fokuserte først og fremst på grensa mellom karakteren 4 og 5, altså B1 og B2. Vi såg på itema i dei ulike gruppene etter tur og kvart panelmedlem svarte individuelt på spørsmålet: *Kor mange av itema i gruppe x er det sannsynleg at personar som akkurat har nådd B2-nivået vil svare rett på i snitt? Du kan svare med desimaltal, for eksempel 4.5.*

Etter å gjennomført denne standardsetjinga, hadde vi ein aggregert kuttskår mellom karakteren 4 og 5, B1 og B2. Dei andre karaktergrensene vart vurdert internt på UiB og i Udir. Det endelege talet på rette svar og karakterfordeling finst i tabell 7.

Tal på rette svar	Karakter
31 -35	6
26 – 30	5
21 – 25	4
14 – 20	3
8 – 13	2
1 – 7	1
0	0

Tabell 7. Oversikt over tal på rette svar og karakterfordeling Del 1 eksamen vår 2021 VG1

Som nemnt tidlegare, dersom ein har ein del item som går att i utprøvinga av oppgåver frå år til år, så treng ein ikkje gjennomføre standardsetting kvart år. Då kan ein analysere data frå to år (eller fleire) på same skala, og ein vil ha ein dokumentasjon på at resepsjonsdelen er like vanskeleg frå år til år. Etter å gjennomført denne standardsettinga, hadde vi ein aggregert kuttskår mellom karakteren 4 og 5, B1 og B2. Dei andre karaktergrensene vart vurdert kvalitativt internt på UiB og i Udir. Den endelege poeng- og karakterfordelinga finst i tabell 7.

Standardsetjing 10. trinn våren 2022

Våren 2022 vart det gjennomført standardsetting for resepsjonsdelen som skulle vere del av eksamen på 10. trinn. Prosedyren var den same som for VG1.

Etter at resepsjonsdelen var sett saman, visste vi at denne delen ville innehalde 24 oppgåver som til saman kunne gi max 35 poeng. Det vart også her samla eit panel på 11 fagpersonar (nemndmedlemmer, fagpersonar frå UiB og Udir) som kjende elevgruppa på 10. trinn godt og også hadde kjennskap til nivåa i det europeiske rammeverket. Etter ei innføring i arbeidet som skulle gjerast (både om standardsetting og Det europeiske rammeverket), tok vi for oss grupper av oppgåver slik tabellen under viser.

		Maks poeng	Ditt svar
Lytting Del 1	Multiple choice (announcements, news items)	6	
Lytting Del 2	1 conversation (2) Pros & cons (4)	6	
Lytting Del 3	Matching	4	
Lesing Del 1	Multiple choice short (4)	4	
Lesing Del 2	Multiple choice long (3) Gap filling (3)	6	
Lesing Del 3	4 Click phrase-oppg Move paragraph (3)	7	

Tabell 8. Skjema for standardsetjing Del 1 vår 2022, 10. trinn

Vi fokuserte også her først og fremst på grensa mellom karakteren 4 og 5, altså B1 og B2. Vi såg på itema i dei ulike gruppene etter tur og kvart panelmedlem svarte individuelt på spørsmålet: *Kor mange av itema i gruppe x er det sannsynleg at personar som akkurat har nådd B2-nivået vil svare rett på i snitt? Du kan svare med desimaltal, for eksempel 4.5.*

Etter å ha gjennomført denne standardsettinga, hadde vi ein aggregert kuttskår mellom karakteren 4 og 5, B1 og B2. Dei andre karaktergrensene vart vurdert kvalitativt internt på UiB og i Udir. Den endelege poeng- og karakterfordelinga finst i tabell 9.

Tal på rette svar	Karakter
33 -35	6
27 – 32	5
21 – 26	4
15 – 20	3
9 - 14	2
1 – 8	1
0	0

Tabell 9. Oversikt over tal på rette svar og karakterfordeling Del 1 eksamen vår 2021, 10. trinn

For å dokumentere at resepsjonsdelen er like vanskeleg frå år til år, bør ein bygge opp ei samling med ankeroppgåver som kan prøvast ut med nye oppgåver som skal gå i eksamen. Ankeroppgåvene blir då ikkje brukt til eksamen, dei blir berre brukt for å lenke data frå år til år.

Dei som er interessert i å lese meir om standardsetjingsprosedyrar og Cito-metoden, kan ta ein kikk på denne artikkelen som tar for seg standardsetting av læringsstøttande prøvar i engelsk (Moe et al, 2018).

B Utvikling av oppgåver som måler vidareformidling, samhandlar og skriftleg produksjon

Som nemnt tidlegare i rapporten har utprøving av skriftlege oppgåver ein annan funksjon enn utprøving av resepsjonsoppgåver. Utprøvinga av dei skriftlege oppgåvene

har som føremål å undersøke at oppgåvetypane passar for elevgruppa, og å fungere som eit grunnlag for å utvikle vurderingskriterium.

B Utprøving av oppgåver

Når det blir prøvd ut resepsjonsoppgåver, er dette oppgåver som kan bli valt ut til eksamen. Resepsjonsoppgåvene i eksamen har alle blitt prøvd ut på mange elevar året før dei er aktuelle til eksamen. Slik er det ikkje med dei skriftlege oppgåvene. Der blir det laga oppgåver i dei sjangrane/teksttypene som skal vere ein del av eksamen. Desse oppgåvene har andre emne enn dei som til slutt blir laga til eksamen.

Vidareformidlingsoppgåver, samhandlingsoppgåver og oppgåver i skriftleg produksjon vart prøvd ut hausten 2020 på VG1 og våren 2021 på 10. trinn.

B Arbeid med tekstar

Arbeid med tekstar samla inn frå VG1 elevar hausten 2020

Hausten 2020 utarbeidde UiB og Udir eksempeleoppgåver til alle delane av ny eksamen. Desse oppgåvene vart lagt på Udirs nettsider for å informere elevar, lærarar og skular om ny eksamen i engelsk. Eksempeleoppgåvene i vidareformidling, samhandling og skriftleg produksjon vart prøvd ut på ein del elevar i tre klassar same haust. UiB-teamet gjekk gjennom det innsamla materialet, og undersøkte kva som kjenneteikna gode, middels gode og svake oppgavesvar. Tekstane og gjennomgangen av dei, vart brukt som utgangspunkt då arbeidet med vurderingskriteria starta på nyåret 2021.

Arbeid med tekstar samla inn frå elevar på 10. trinn vår og haust 2021

Vi samla også inn elevsvar på oppgåver i vidareformidling, samhandling og skriftleg produksjon våren og hausten 2021. Etter at UiB-teamet hadde arbeidd med det innsamla materialet, fekk vi hjelp av fagpersonar i Udir og nemnda for 10. trinn til å vurdere tekstane ved hjelp av programmet *No more marking* (www.nomoremarking.com).

11 sensorar vurderte til saman oppgavesvar i vidareformidling (46), samhandling (93) og skriftleg produksjon (60). Sensorane vurderte ved å samanlikne to og to elevsvar og svare på kva for ein av dei to svara dei meinte var best. Til slutt rangerer programmet svara basert på sensorsamanlikningane. Vi hadde då ei formeining om kva elevsvar som var gode, middels gode og svake. Med dette i botn kunne vi studere grupper av tekstar meir inngående og prøve å beskrive kva som karakteriserte eit godt oppgavesvar i

vidareformidling, samhandling og skriftleg produksjon. Dette arbeidet var svært viktig då vi seinare gjekk i gang med å utvikle vurderingskriterium.

B Utvikling av vurderingskriterium

Rammeverket for eksamen seier at vurderingskriteria bør lagast slik at analytisk vurdering er mogeleg. Ei analytisk vurdering gir ikkje ein samla karakter for eksamenssvar, men vurderer ulike definerte punkt ved eksamenssvara. Det betyr at elevane blir honorert for sterke sider ved svara sine. For eksempel blir sider ved innhaldet som til dømes kor relevant svaret er, og språklege trekk som vokabular, samanheng og så vidare vurdert separat.

Med dei innsamla tekstane, læreplanen og nivåbeskrivingane i Det europeiske rammeverket som bakteppe, vart vurderingskriteria utvikla. Arbeidet var i første omgang ført i pennen av UiB, før det var gjennom fleire rundar med nemndene og Udir. Sjølv om vurderingskriteria for VG1 og 10. trinn inneheld dei same punkta, er krava for dei ulike karakterane litt høgare på VG1 enn på 10. trinn. (Sjå vurderingskriteria i vedlegg 1 og 2.)

Arbeidet med VG1 kriteria føregjekk vinteren 2021, mens 10. trinnskriteria skjedde hausten 2021/vinteren 2022.

B Utvikling av skriftlege oppgåver og førebuingmateriell til eksamen 2021 og 2022

Fordi tida til å ferdigstilla første eksamen (VG1 2021 og 10. trinn 2022) var svært knapp, bestemte vi UiB tok hovudansvar for å utvikle eksamensoppgåvene til Del 2, vidareformidling, og Del 3, samhandling, mens nemndene for VG1 og 10. trinn tok hovudansvaret for å utvikle oppgåver til Del 4, Skriftleg produksjon, og i tillegg førebuingsmaterialet til eksamen. Undervegs hadde vi møte der vi gav tilbakemeldingar på oppgåvene og foreslo endringar.

B Sensortrening

Pålitelege sensorar legg vekt på det dei skal leggje vekt på og brukar karakterskalaen likt. Men dette er ein kompetanse som må utviklast over tid. Difor er det viktig at

sensorane får kurs i vurdering og får øve seg på å bruke kriteria som utgangspunkt for vurderingane dei skal gjere. Pålitelege sensorar har vurdert mykje og ofte.

Utdanningsdirektoratet i samarbeid med medlemmene i nemndene for VG1 og 10. trinn arrangerer sortrening kvart år i samband med eksamen. Første sensorsamling i samband med ny eksamen vårt arrangert våren 2021 for VG1 og våren 2022 for VG2.

Det er viktig at Udir etter kvart får rutinar for å undersøke kor einige sensorane er i sine vurderingar. Slike undersøkingar kan gi verdfull tilbakemeldingar til alle involverte, samtidig som dei kan seie noko om kor einige sensorane er, kvaliteten på sensoropplæringa er og kor vanskelege/lette vurderingskriteria er å arbeide med.

Vekting

I tillegg til å utvikle oppgåver og vurderingskriterium måtte vi bestemme korleis dei ulike delane av eksamen skulle vektast. Vi landa då på modellen som blir vist i figur 2.

. Figur 2. Modell for vekting av eksamen

1/3	1/3	1/3
Del 1 Resepsjon	Del 2, 3 og 4: Innhald	Del 2, 3 og 4: Språk
	Vidareformidling 1/4	Samla vurdering av språk for alle dei skriftlege oppgåvene (Del 2, 3 og 4)
	Samhandling 1/4	
	Skriftleg produksjon 1/2	

Tabell 10. Vekting av Del 1, 2, 3 og 4, eksamen i engelsk 10. trinn og VG1.

Figuren må forståast slik:

- Del 1 resepsjon tel 1/3 av endeleg karakter.
- Del 2, 3 og 4 tel 2/3 av endeleg karakter.
- For del 2, 3 og 4 blir innhald og språk vekta likt.

3. Eksamen for VG1, vår 2020

Eksamen våren 2021 vart avlyst på grunn av covid-pandemien og få elevar gjekk opp til eksamen. Det same skjedde i 2022. I 2023 gjekk eksamen som normalt.

4. Eksamen for 10. trinn, vår 2021

Eksamen vart avlyst på grunn av covid-pandemien og få elevar gjekk opp til eksamen i 2022. Våren 2023 gjekk eksamen som normalt.

5. Kva er skilnaden på eksamen for 10. trinn og VG1?

Eksamen for elevar på 10. trinn og VG1, er bygd opp likt med dei same fire delprøvene (resepsjon, vidareformidling, samhandling og skriftleg produksjon. Oppgåvene er ulike?

Når det gjeld Del 1 resepsjon, så er oppgåvene prøvd ut på dei aktuelle elevgruppene. Oppgåvene meint for 10. trinn er prøvd ut på elevar på 10. trinn eit år før dei er aktuelle for eksamen. Det same gjeld VG1. Oppgåvene er prøvd ut på VG1 elevar om lag eit år før dei kan vere med i eit eksamenssett. Nemndene for 10. trinn og VG1 er med på å utvikle oppgåver for «sitt trinn». Dei statistiske analysane for tar altså utgangspunkt i data for elevar på kvart av trinna.

Oppgåvene som blir laga til Del 2 vidareformidling, Del 3 samhandling og Del 4 skriftleg produksjon, er også utvikla for kvart trinn spesifikt. Tema i oppgåvene og førebuingmateriell er tilpassa elevane på trinnet. Dette er det nemndene og Udir som har ansvaret for. Oppgåvene er altså tilpassa dei respektive elevgruppene.

6. Å måle resepsjon – kvifor mange oppgåver

Tenk om ein skyttarkonge vart kåra på landskyttarstemnet etter å ha skote eitt, to eller tre skot. Den eventuelle avgjerda om kven som skulle stå øvst på pallen, ville ikkje vore særleg påliteleg, sjølv ikkje om det var den einaste av deltakarane som trefte med alle skota. Slik er det også når ein måler resepsjon. For å vere sikker på at det verkeleg er dei med høgst kompetanse som skårar høgst, og dei med lågast kompetanse som skårar lågast, må elevane svare på mange oppgåver. Di fleire (gode) oppgåver elevane svarar på, di sikrare er vi på at målinga er rett. Likevel finst det sjølv sagt eit tak for kor mange oppgåver vi inkluderer når vi måler resepsjon. Talet på oppgåver som blir med i eksamen, er avhengig av kva som skal målast i eksamen og kor lang tid elevane har til disposisjon. Ein tommelfingerregel er at elevane i alle fall bør svare på 30 oppgåver (inkludert deloppgåver). Det er også viktig at dei oppgåvene som blir med i resepsjonsdelen, har høg kvalitet både innhaldsmessig og teknisk. Det er grunnen til at vi legg så mykje arbeid i desse oppgåvene før eksamen blir administrert. Når elevane svarar på resepsjonsoppgåvene, så veit vi at dei er gode og måler stabilt. Fordi alle oppgåvene er prøvd ut på mange hundre elevar på førehand, så veit vi kor vanskelege dei einskilde oppgåvene er, og vi veit at dei skil på ein fornuftig måte mellom elevar på

ulike kompetansenivå.

7. Kvifor analytisk vurdering?

I Rammeverk for eksamen står det

«Vurderingskriteriene skal lages slik at analytisk vurdering er mulig. Med analytisk vurdering mener vi at vurderingen skal deles opp i ulike vurderingsområder for å vise tydelig hvilke deler som til sammen sier noe om kandidatens samlede kompetanse.» (*Rammeverk for eksamen 2020*, pkt. 5.5)

Kva er så grunnen til at Rammeverket understrekar analytisk vurdering. Den viktigaste grunnen til dette er omsynet til elevane og at eksamen skal vere rettferdig. Alle elevar skal behandlast likt og vurderast på det same grunnlaget. I alle sensorane sine vurderingar skal dei same punkta ligge til grunn. Ei analytisk vurdering gir også tilbakemelding om elevane sine styrker og svakheiter. I tillegg viser undersøkingar at sensorane er meir einige når dei vurderer analytisk, nettopp fordi dei legg vekt på det same. Og akkurat større sensorsemje er noko som både rapportane til eksamensgruppa og rapporten til Björnsson og Skar etterspør.

Alternativet er ei holistisk vurdering som for sensorane kanskje er meir tiltrekkjande, i alle fall så lenge dei ikkje er vant med å vurdere analytisk. Ei holistisk vurdering byggjer på ei tru på at alle elevar har ein jamn profil, at dei er om lag like sterke/svake med omsyn til ordforråd, grammatikk, tekstoppbygging og så vidare. Og dette er noko som alle lærarar og andre fagfolk veit ikkje stemmer.

Likevel er det ikkje til å stikke under ein stol at analytisk vurdering kan opplevast meir krevjande i ein begynnarfase. Samtidig seier mange lærarar og sensorar at ei analytisk vurderingsform hjelper dei til å dokumentere vurderingane sine. Når analytisk vurdering er innarbeidd i eit undervisningssystem, så gir det god tilbakemelding til elevane om styrker og svakheiter, samtidig som det set mål for lærarens undervisning og elevane sitt individuelle arbeid.

8. Korleis blir djupnelæring reflektert i ny eksamen i engelsk?

Eksamen er sett saman av fire delar (resepsjon, vidareformidling, samhandling og skriftleg produksjon) slik at elevane skal kunne vise kompetansen sin på fleire område, og for at den samla vurderinga skal kunne gjerast på eit breitt grunnlag. Spørsmålet nokon har stilt seg er

om og korleis ein kan sikre at elevane får vist djupnelæring i eit eksamensdesign som er delt inn slik.

Utdanningsdirektoratet djupnelæring som

det å gradvis utvikle kunnskap og varig forståelse av begreper, metoder og sammenhenger i fag og mellom fagområder. Det innebærer at vi reflekterer over egen læring og bruker det vi har lært på ulike måter i kjente og ukjente situasjoner, alene eller sammen med andre ([Dybdelæring \(udir.no\)](https://www.udir.no/dybdelering))

Utdanningsdirektoratet understrekar også at «det er viktig å legge til rette for dybdelæring for at barn og unge skal utvikle kompetansen de trenger i en framtid som endrer seg raskt». Verdigrunnlaget for opplæringa, slik det er formulert i Overordna del av LK20, skal prege djupnelæringsprosessar. Sentrale mål og verdiar her er evne til refleksjon, dømmekraft, kritisk tenking og etisk vurdering.

Eit viktig aspekt av djupnelæring er å kunne bruke det ein har lært i faget i kjende og ukjende situasjonar. Å bruke kunnskap og ferdigheiter i engelskfaget i ukjende situasjonar inneber mellom anna å bruke kommunikasjonsstrategiar. Dette er essensielt i resepsjonsdelen (del 1) av eksamen, som måler forståing. Delen har lese- og lytteoppgåver der eleven må bruke strategiar som å få ein idé om innhaldet gjennom tittelen på kvar oppgåve, leite etter sentrale ord i teksten, og notere stikkord. Eleven må i tillegg ha eit blikk for nyansar i vokabular og vite korleis ord og språkstrukturar skaper samanhengar i ein tekst, til dømes korleis eit personleg pronomen viser tilbake på eit substantivuttrykk, og korleis konjunksjonar som ‘but’, ‘also’, osv. gir signal vidare i teksten. I lytteoppgåver må elevane også vere merksame på viktige signal om innhaldet som blir gitt gjennom intonasjon og setningstrykk.

I vidareformidlingsoppgåva (del 2) skal eleven vidareformidle innhald frå ein tekst i omarbeidd form. Dette krev forståing av innhaldet på eit djupare plan enn berre å forstå ord, setningar, bilete osv. isolert sett. Eleven må forstå innhaldet i *kontekst*, oppfatte *heilskapen* i innhaldet og *omarbeide* innhaldet slik at det vert tilpassa mottakaren som er oppgitt i oppgåva. Desse prosessane er i tråd med prinsippa for djupelæring, mellom anna det å utvikle kunnskap og varig forståing av omgrep, metodar og samanhengar i faget. Udir peikar også på at i framtida vil ein i endå større grad enn før ha bruk for «gode redskaper til å overføre det vi har lært i én sammenheng til å løse oppgaver i nye situasjoner».

I samhandlingsoppgåva (del 3) skal eleven ta del i ein pågåande kommunikasjon om eit tema. Her må eleven aktivt forhalde seg til andre sine ytringar, respondere på desse og bidra med eigne kommentarar og synspunkt. For å få dette til, er det nødvendig at eleven ser temaet frå

ulike perspektiv. Eit godt interaksjonssvar reflekterer at eleven tar opp fleire ulike punkt eller ytringar, anerkjenner eller utfordrar desse, og kjem med nye betraktningar om temaet. Slik bidrar eleven til å kaste lys over temaet på ulike måtar og til å skape samanhengar mellom ulike perspektiv. Denne oppgåva svarer altså til aspekt av djupnelæring som handlar om å «formulere spørsmål, søke svar og uttrykke forståelse på ulike måter» (Udirs video om djupnelæring), og generelt til målet om å utvikle evne til kritisk tenking og refleksjon.

I oppgåva for skriftleg produksjon (del 4) får elevane høve til å reflektere over innhaldsaspekt av engelskfaget. Djupnelæring kan ifølge Udir fremjast gjennom å «trene på å se relevans og sammenhenger, ... tenke nytt og være kreativ». Oppgåvene i skriftleg produksjon inviterer eleven til å vise teikn på djupnelæring gjennom tekstar som utforskar, diskuterer og reflekterer rundt kulturuttrykk, mangfald og samfunnstilhøve frå den engelskspråklege verda, og som utfordrar elevane til refleksjon, kritisk tenking og etisk vurdering. Del 4 gir også eleven høve til å vise språkleg og innhaldsmessig innsikt i og forståing av tema og samanhengar i eige studieprogram.

Det nye formatet for skriftleg eksamen i engelsk vil gi eleven høve til å vise kompetanse i engelskfaget på ulike måtar. Som vist ovanfor, vil eleven sine svar på oppgåvene i resepsjon, vidareformidling, samhandling og sjølvstendig tekstproduksjon kunne reflektere ulike aspekt av djupnelæring.

9. Oppsummering

UiB har lagt til grunn for arbeidet med eksamen at

- eksamen skal vere rettferdig
- eksamen skal spegle det som blir framheva som viktig i læreplanen i engelsk (eksamen er valid).
- eksamen er reliabel.
- elevane skal få høve til å vise den engelskkompetansen dei har
- elevane skal svare på ulike typar oppgåver
- eksamen inneheld oppgåver som måler ulike sider av elevane sin kompetanse
- nokre oppgåver er obligatoriske (del 1, 2 og 3) mens andre er valfrie (del 4)
- oppgåvene i eksamen forhold seg til kjerneelement, tverrfaglege tema og grunnleggjande ferdigheiter
- reliabiliteten blir styrka på grunn av grundig utprøving i samband med del 1, resepsjon og bruk av analytiske vurderingskriterium.

10. Til slutt

I utgangspunktet er eitt år for kort tid til å utvikle ein ny eksamen. Ein slik eksamen er viktig for mange involverte, og arbeidet må planleggast godt og gjerast grundig. Til dømes skal konstrukt for eksamen utviklast, oppgåveformat og oppgåver skal prøvast ut, data skal analyserast og ein skal innhente synspunkt frå mange ulike grupper. Det er vanleg å seie at ein treng to år frå ein startar arbeidet til eksamen kan gjennomførast. Dette er noko som Udir må ta høgde for og ta omsyn til i planlegginga neste gong noko liknande skal utviklast.

Det har vore problematisk å utvikle ny eksamen samtidig som ein ny prøveplattform skulle utviklast og takast i bruk. I utgangspunktet hadde UiB svært dårleg tid til å få gjort det arbeidet som måtte gjerast. Når vi så i tillegg måtte bruke svært mange ressursar både på å finne ut av korleis og kva som fungerte i den nye plattformen, gi tilbakemeldingar og beskrive utviklingsynskje, så gjorde det arbeidet svært utfordrande. Nøkkelorda i denne samanhengen er god planlegging og kunnskap om/erfaring med kva som krevst når eit nytt system skal takast i bruk. Målet i samband med all måling og vurdering er å gjere det viktige målbart, og ikkje det målbare viktig. I løpet av arbeidet med eksamen, har prøveutviklarar og Udir-tilsette måtta tilpassa arbeidet til eit system som har vore i utvikling. Dette betyr at ikkje alle vala som har blitt gjort, har vore ideelle. Ting har blitt betre undervegs, men framleis er det eit forbettringspotensiale når det til dømes gjeld datagenerering, søkefunksjonar, mappestruktur, unike itemnummer, enkelte oppgåveformat osb.

Likevel, vi kom i mål med ny eksamen i engelsk. Og så er det slik at sjølv om eksamen har fått ei form, så kan ny kunnskap og nyutviklingar (t.d. tekniske) gjere at nokre ting må endrast i løpet av dei neste åra.. Målet er å koma dit at vi kan vere endå sikrare på at eksamen i engelsk måler det viktigaste i engelskfaget på ein rettferdig, valid og reliabel måte.

Litteraturliste

- Björnsson og Skar. 2021. *Sensorreliabilitet på skriftlig eksamen i videregående opplæring*.
<https://www.udir.no/tall-og-forskning/finn-forskning/rapporter/sensorreliabilitet-pa-skriftlig-eksamen-i-videregaende-opplaring/>
- Council of Europe. 2020. *The CEFR Companion Volume A key resource for inclusive, plurilingual education*. [The CEFR Companion volume: A key resource for inclusive plurilingual education - Common European Framework of Reference for Languages \(CEFR\) \(coe.int\)](https://www.coe.int/en/web/cefr/companion-volume)
- Eksamensgruppa. *Kunnskapsgrunnlag for evaluering av eksamensordningen* (2019). Delrapport 1.
<https://www.udir.no/tall-og-forskning/finn-forskning/rapporter/Kunnskapsgrunnlag-for-evaluering-av-eksamensordningen/>
- Eksamensgruppa. *Vurderinger og anbefalinger om fremtidens eksamen* (2020). Delrapport 2.
<https://www.udir.no/eksamen-og-prover/eksamen/vurderinger-og-anbefalinger-fremtidens-eksamen/>
- Europarådet (2009). *Relating Language Examinations to the Common European Framework of Reference for Languages: Learning, Teaching, Assessment (CEFR): a manual*. Strasbourg: Europarådet
- Keuning, J., Straat, J. H. R. & Feskens, C. W. (2017). *The Data-Driven Direct Consensus (3DC) Procedure: A New Approach to Standard Setting*. I S. Blömeke & J. E. Gustafsson (red.), *Standard Setting in Education. The Nordic Countries in an International Perspective* (s. 263–278). Cham, Switzerland: Springer International Publishing.
- Moe, E., Helness, H. L., Grocott, C. & Verhelst, N. (2018). *Standardsetting av læringsstøttende prøver i engelsk for Vg1*. I *Acta Didactica* Vol 12 nr. 4, 2018. Lasta ned September 2023 [torgeich,+061218.moe+mfl.pdf](https://www.moe.no/globalassets/undervisningsmidler/2018/standardsetting-av-laringsstottende-prover-i-engelsk-for-vg1.pdf)
- Utdanningsdirektoratet. *Rammeverk for eksamen – LK20 og LK20S* (2020)
<https://www.udir.no/eksamen-og-prover/eksamen/rammeverk-skriftlig-eksamen-i-lk20-og-lk20s/?depth=0&print=1>
- Van der Schoot, F. (2009). *Cito variation of the bookmark method*. I Council of Europe, *Reference Supplement to the Manual for Relating Language Examinations to the Common European Framework of Reference for Languages: Learning, Teaching, Assessment (Section I)*. Strasbourg: Council of Europe. Lasta ned September 2023:

VIDEREFORMIDLING - INNHOLD

	Karakter 2	Karakter 4	Karakter 6
Relevans	Oppgavesvaret er stort sett relevant og samsvarer delvis med oppgavens tema og instruksjoner, og har et omfang som er tilstrekkelig for å kunne besvare oppgaven til en viss grad. Svaret videreformidler noe av innholdet i teksten.	Oppgavesvaret er relevant og samsvarer stort sett med oppgavens tema og instruksjoner, og har et omfang som er tilstrekkelig for å kunne gi et tilfredsstillende svar. Svaret videreformidler det vesentlige innholdet i teksten på en tilfredsstillende måte og inkluderer noen relevante detaljer.	Oppgavesvaret er relevant og samsvarer godt med oppgavens tema og instruksjoner, og har et omfang som gir anledning til et presist og velformulert svar. Svaret videreformidler det vesentlige innholdet og relevante detaljer i teksten på en presis og nyansert måte.
Selvstendighet	Oppgavesvaret viser lite bearbeiding av originalteksten og løsriver seg i liten grad fra formuleringene i denne.	Oppgavesvaret viser en del bearbeiding av originalteksten. Videreformidlingen av innholdet er stort sett formulert med egne ord.	Oppgavesvaret viser at innholdet i originalteksten er bearbeidet og formidlet med egne ord på en selvstendig måte.
Struktur	Det er lite strukturering av informasjonen.	Informasjonen er presentert på en stort sett strukturert måte.	Informasjonen er presentert med en selvstendig, konsis og tydelig struktur.
Kontekst	Oppgavesvaret forholder seg i mindre grad til konteksten. Svaret kan være lite tilpasset relevant teksttype, formål og situasjon.	Oppgavesvaret forholder seg til konteksten. Det er stort sett tilpasset relevant teksttype, formål og situasjon.	Oppgavesvaret presenterer tydelig konteksten og forholder seg gjennomgående til denne. Det er tilpasset relevant teksttype, formål og situasjon

SAMHANDLING – INNHOLD

	Karakter 2	Karakter 4	Karakter 6
Relevans	Oppgavesvaret er stort sett relevant og samsvarer delvis med oppgavens tema og instruksjoner, og har et omfang som er tilstrekkelig for å kunne besvare oppgaven til en viss grad.	Oppgavesvaret er relevant og samsvarer stort sett med oppgavens tema, og instruksjoner, og har et omfang som er passende for å kunne gi et tilfredsstillende svar.	Oppgavesvaret er relevant og samsvarer godt med oppgavens tema og instruksjoner, og har et omfang som gir anledning til et presist og velformulert svar.
Selvstendighet	Svaret gir respons på en grunnleggende, enkel måte og kan være preget av direkte avskrift.	Framstillingen viser noe selvstendighet i uttrykksmåte. Relevante synspunkt føyer seg inn i den eksisterende argumentasjonsrekken.	Framstillingen viser høy grad av selvstendighet i uttrykksmåte. Relevante synspunkt bidrar til å utvide den eksisterende argumentasjonsrekken.
Framdrift	Teksten viser lite framdrift, gjerne med en del repetisjon. Det kan være vanskelig å finne en logisk tråd.	Teksten har jevnt over klar retning og framdrift, med en synlig logisk tråd, og lite repetisjon.	Teksten har klar retning og framdrift, med konsis form og logisk tråd.
Kontekst	Oppgavesvaret er i mindre grad tilpasset formål, mottaker, teksttype og situasjon. Det kan være lite sammenheng mellom egne meninger og den eksisterende argumentasjonsrekken.	Oppgavesvaret er tilpasset formål, mottaker, teksttype og situasjon. Teksten har noe sammenheng med det som er skrevet av de øvrige deltakerne, helst med referanse til disse.	Oppgavesvaret er gjennomgående tilpasset formål, mottaker, teksttype og situasjon. Det kommer tydelig og eksplisitt fram at teksten er en del av en samhandling mellom eleven og de andre deltakerne.

SKRIFTLIG PRODUKSJON – INNHOLD

	Karakter 2	Karakter 4	Karakter 6
Relevans	Oppgavesvaret er stort sett relevant. Det samsvarer delvis med oppgavens tema, instruksjoner og kildebruk, og har et omfang som gir anledning til å besvare oppgaven til en viss grad. Teksten behandler temaet mest på overflatenivå, men kan ha enkelte tilfeller av utdypning eller underbygging.	Oppgavesvaret er relevant. Det samsvarer stort sett med oppgavens tema, instruksjoner og kildebruk, og har et omfang som gir anledning til et fullstendig svar. Momenter i teksten er til dels utdypet eller underbygget.	Oppgavesvaret er relevant, nyansert og presist. Det samsvarer gjennomgående med oppgavens tema, instruksjoner og kildebruk, og har et omfang som gir anledning til et presist og velformulert svar Momenter i teksten er godt utdypet eller underbygget.
Selvstendighet	Oppgavesvaret behandler temaet på en grunnleggende, enkel måte. For oppgaver der bruk av kilder er relevant: viser liten grad av kildebruk og/eller mangler kildehenvisning.	Oppgavesvaret behandler temaet på en stort sett selvstendig og kreativ eller kritisk måte. For oppgaver der bruk av kilder er relevant: relevant innhold fra ulike kilder er i noen grad integrert på en kritisk og hensiktsmessig måte med stort sett etterrettelig kildehenvisning.	Oppgavesvaret behandler temaet på en selvstendig og kreativ eller kritisk måte. For oppgaver der bruk av kilder er relevant: relevant innhold fra ulike kilder er integrert på en kritisk og hensiktsmessig måte med etterrettelig kildehenvisning.
Tekststruktur	Oppgavesvaret som helhet har til dels uklar struktur og form. Sammenhengen mellom ulike momenter i teksten kommer ikke alltid klart fram. Svaret har en enkel struktur.	Oppgavesvaret som helhet har stort sett logisk struktur og form tilpasset formål, teksttype og kontekst. Det går stort sett klart fram hvordan ulike momenter i teksten henger sammen	Oppgavesvaret som helhet har logisk struktur og form tilpasset formål, teksttype og kontekst. Det går tydelig fram hvordan ulike momenter i teksten henger sammen.

SPRÅK

	Karakter 2	Karakter 4	Karakter 6
Ord og uttrykk	Oppgavesvaret viser et enkelt, grunnleggende ordforråd. Feil i ordvalg kan forstyrre kommunikasjonen.	Oppgavesvaret viser et generelt og relevant ordforråd, med en del bruk av passende idiomatiske ord og uttrykk. Svaret har bredde og stort sett presisjon i ordvalg, så lenge temaet er velkjent og mindre komplekst. Feil i ordvalg kan forekomme uten at det forstyrrer kommunikasjonen vesentlig.	Oppgavesvaret viser et bredt, nyansert, relevant og variert ordforråd. Bruken av idiomatiske ord og uttrykk er presis og passer med konteksten. Enkelte feil i ordvalg kan forekomme uten at det forstyrrer kommunikasjonen.
Setningsstruktur og syntaks	Oppgavesvaret har setninger som gir mening og som viser noen tegn på forståelse for syntaks og setningsstruktur. Ufullstendige setninger kan forekomme hyppig, uansett oppgave/teksttype. Tegnsettingen kan være mangelfull.	Oppgavesvaret har en viss variasjon i setningsstrukturer. Setningene har jevnt over korrekt syntaks og er som regel fullstendige der det er hensiktsmessig. Tegnsettingen støtter som regel setningsstrukturen.	Oppgavesvaret viser variert bruk av setningsstrukturer, både for å passe inn i konteksten og for å oppnå effekt i tråd med teksttypen. Setningene har korrekt syntaks og er gjennomgående fullstendige der det er hensiktsmessig. Tegnsettingen støtter gjennomgående setningsstrukturen.
Sammenheng og tekstbinding	Noe flyt og sammenheng er oppnådd, blant annet ved enkel bruk av tekstbinding.	Flyt og sammenheng er jevnt over oppnådd, blant annet ved bruk av vanlige former for tekstbinding	Flyt og sammenheng er oppnådd, blant annet ved gjennomgående bruk av varierte og hensiktsmessige former for tekstbinding.
Staving og ordformer	Oppgavesvaret viser tegn på noe kjennskap til rettskriving og ordformer/bøyninger. Unøyaktigheter kan være forstyrrende, men hindrer ikke kommunikasjonen i vesentlig grad.	Oppgavesvaret kan inneholde en del unøyaktigheter i rettskriving og ordformer/bøyninger, men disse er sjelden forstyrrende for kommunikasjonen.	Oppgavesvaret viser gjennomgående god beherskelse av rettskriving og ordformer/bøyninger. Svaret kan inneholde enkelte unøyaktigheter som ikke forstyrrer kommunikasjonen.

Videreformidling – Vurderingskriterier, innhold

Karakter	Karakter 2	Karakter 4	Karakter 6
Relevans	Oppgavesvaret er stort sett relevant og viser en viss forståelse for oppgavens tema, instruksjoner og krav til omfang. Svaret videreformidler noe av innholdet i teksten.	Oppgavesvaret er relevant og viser jevnt over forståelse for oppgavens tema, instruksjoner og krav til omfang. Svaret videreformidler hovedinnholdet og relevante detaljer på en tilfredsstillende måte.	Oppgavesvaret er relevant, nyansert og presist. Det viser god forståelse for oppgavens tema, instruksjoner og krav til omfang. Svaret videreformidler hovedinnholdet og relevante detaljer på en presis og nyansert måte.
Selvstendighet	Oppgavesvaret kan gjengi deler av originalteksten og viser lite bearbeiding.	Oppgavesvaret videreformidler innholdet med egne ord, gjennom delvis bearbeiding av originalteksten.	Oppgavesvaret viser at innholdet er bearbeidet og formidlet med egne ord på en selvstendig og reflektert måte.
Kontekstualisering/ tilpassing	Oppgavesvaret forholder seg i mindre grad til konteksten. Det kan være lite tilpasset oppgavens teksttype, formål og situasjon.	Oppgavesvaret forholder seg til konteksten. Det er i noen grad tilpasset oppgavens teksttype, formål og situasjon.	Oppgavesvaret presenterer tydelig konteksten og forholder seg gjennomgående til denne. Det er tilpasset oppgavens teksttype, formål og situasjon.

Samhandling – Vurderingskriterier, innhold

Karakter	Karakter 2	Karakter 4	Karakter 6
Relevans	Oppgavesvaret er stort sett relevant og viser en viss forståelse for oppgavens tema, instruksjoner og krav til omfang. Egne meninger uttrykkes uten nødvendigvis å forholde seg til andres synspunkter og ytringer.	Oppgavesvaret er relevant og viser jevnt over forståelse for oppgavens tema, instruksjoner og krav til omfang. Det viser relevant samhandling. Svaret bruker og følger opp andres innspill i noen grad. Egne synspunkt forholder seg til andres ytringer.	Oppgavesvaret er relevant, nyansert og presist. Det viser god forståelse for oppgavens tema, instruksjoner og krav til omfang. Svaret viser gjennomgående relevant samhandling ved å bruke og følge opp andres innspill. Responsen på ytringer inngår på en relevant måte i meningsutvekslingen og bidrar med egne perspektiv. Svaret er formidlet på en presis og nyansert måte.
Selvstendighet	Framstillingen kan være preget av direkte avskrift og kan vise liten grad av selvstendighet.	Framstillingen viser noe selvstendighet med en del omskriving.	Framstillingen viser høy grad av selvstendighet, gjerne med veksling mellom omskriving og direkte sitat.
Kontekstualisering/ tilpassing	Oppgavesvaret er i liten grad tilpasset formål, mottaker og situasjon. Ordvalg og formell/uformell uttrykksmåte er til en viss grad i tråd med konteksten. Utsagn kan framstå som generelle eller løsrevet fra meningsutvekslingen.	Oppgavesvaret er tilpasset formål, mottaker og situasjon. Ordvalg og formell/uformell uttrykksmåte er i tråd med konteksten. Utsagn er i noen grad tilpasset meningsutvekslingen.	Oppgavesvaret er gjennomgående tilpasset formål, mottaker og situasjon. Ordvalg og formell/uformell uttrykksmåte er i tråd med konteksten. Utsagn er gjennomgående tilpasset meningsutvekslingen.

Skriftlig produksjon – Vurderingskriterier, innhold

Karakter	Karakter 2	Karakter 4	Karakter 6
Relevans 50%	Oppgavesvaret er stort sett relevant og viser en viss forståelse for oppgavens tema, instruksjoner, krav til omfang og kilder. Innholdet er i enkelte tilfeller underbygget av relevante eksempler.	Oppgavesvaret er relevant. Det viser jevnt over forståelse for oppgavens tema, instruksjoner, krav til omfang og kilder. Innholdet er for det meste underbygget med relevante eksempler.	Oppgavesvaret er relevant, nyansert og presist. Det viser god forståelse for oppgavens tema, instruksjoner, krav til omfang og kilder. Innholdet er underbygget med relevante eksempler.
Selvstendighet 25%	Oppgavesvaret behandler temaet på en grunnleggende, enkel måte. For oppgaver der bruk av kilder er relevant: viser liten grad av selvstendig kildebruk og/eller mangler kildehenvisning.	Oppgavesvaret behandler temaet på en til dels selvstendig og kritisk måte. For oppgaver der bruk av kilder er relevant: Relevant innhold fra ulike kilder er i noen grad integrert på en selvstendig, kritisk og hensiktsmessig måte med stort sett etterrettelig kildehenvisning.	Oppgavesvaret behandler temaet på en selvstendig og kritisk måte. For oppgaver der bruk av kilder er relevant: Relevant innhold fra ulike kilder er integrert på en selvstendig, kritisk og hensiktsmessig måte med etterrettelig kildehenvisning.
Tekststruktur 25%	Oppgavesvaret som helhet kan ha til dels uklar struktur. Svaret har en enkel struktur.	Oppgavesvaret som helhet har stort sett logisk struktur tilpasset teksttype og kontekst.	Oppgavesvaret som helhet har logisk struktur tilpasset teksttype og kontekst.

Språk – Vurderingskriterier

På alle skriftlige oppgaver, skal også språk vurderes. Din besvarelse skal vurderes av sensor ved hjelp av disse kategoriene:

Karakter	Karakter 2	Karakter 4	Karakter 6
Ord og uttrykk	Oppgavesvaret viser et enkelt, grunnleggende ordforråd.	Oppgavesvaret viser et generelt og relevant ordforråd, med en del bruk av idiomatiske ord og uttrykk. Svaret har bredde og presisjon i ordvalg, så lenge temaet er velkjent og mindre komplekst.	Oppgavesvaret viser et bredt, nyansert og relevant ordforråd med variasjon og presis bruk av idiomatiske ord og uttrykk. Enkelte feil i ordvalg kan forekomme uten at det forstyrrer kommunikasjonen.
Setningsstruktur og syntaks	Setninger gir mening og viser noen tegn på forståelse for syntaks og setningsstruktur. Ufullstendige setninger kan forekomme hyppig, uansett oppgave/teksttype. Tegnsettingen kan være mangelfull.	Oppgavesvaret har en viss variasjon i setningsstrukturer. Setningene har jevnt over korrekt syntaks og er som regel fullstendige der det er hensiktsmessig. Tegnsettingen støtter som regel setningsstrukturen.	Oppgavesvaret viser passende og variert bruk av setningsstrukturer for å oppnå effekt i tråd med teksttypen. Setningene har korrekt syntaks og er gjennomgående fullstendige der det er hensiktsmessig. Tegnsettingen støtter gjennomgående setningsstrukturen.
Sammenheng og tekstbinding	Noe flyt og sammenheng er oppnådd, blant annet ved enkel bruk av tekstbinding, innenfor og mellom setninger.	Flyt og sammenheng er jevnt over oppnådd, blant annet ved bruk av vanlige former for tekstbinding, innenfor og mellom setninger.	Flyt og sammenheng er oppnådd, blant annet ved gjennomgående bruk av varierte og hensiktsmessige former for tekstbinding, innenfor og mellom setninger.
Staving, ordformer	Oppgavesvaret viser tegn på noe kjennskap til rettskriving og ordformer. Unøyaktigheter kan være forstyrrende, men hindrer ikke kommunikasjonen i vesentlig grad.	Oppgavesvaret kan inneholde en del unøyaktigheter i rettskriving og ordformer, men disse er sjelden forstyrrende for kommunikasjonen.	Oppgavesvaret viser gjennomgående god beherskelse av rettskriving og ordformer. Svaret kan inneholde enkelte unøyaktigheter som ikke forstyrrer kommunikasjonen.

